


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, S. Aadland



9. september er den store valdagen. Då skal ikkje berre kommunestyra veljast, men også sokneråda og bispedømeråda.

Det er:

- «Bønnelista». Sjå www.bonnelista.no
- Nominasjonskomiteen si liste. Sjå www.nominasjonslisten.no
- Open folkekyrkje. Sjå www.apenfolkekirke.org

På nettadressene kan du finna ei omtale av kva dei ulike listene og kandidatane står for. Når du stemmer kan du gje inntil tre av dei ei ekstra stemme. Du kan også føra over inntil tre personar frå andre lister.

Dei som sit i bispedømeråda, tek også del i kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Dei har ansvar for det som skjer i kyrkjene våre: Gudstenester, trusopplæring, konsertar m.m. I tillegg forvaltar dei innsamla midlar til kyrkja lokalt og til andre. Når dei har med ein representant vald av kommunestyret, kallar me dei for kyrkjestyret. Då forvaltar dei kommunale midlar løyvd til kyrkja, og har ansvar for dei tilsette i kyrkja, kyrkjebygga og gravplassen.

Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Me høyrer til Bjørgvin bispedøme, som omfattar heile det nye fylket «Vestland». Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og nokre andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i alle bispedømeråda i Noreg, utgjær samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», det øvste styringsorganet i Den norske kyrkja. Her vert alle bispedømeråda samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar og felles reglar for DNK. I den komande perioden vil det verta teke opp viktige saker om kyrkja si organisering.

Ver med å bestemma kven som skal styra i kyrkja i perioden 2019 – 2023! Du må gjerne stemma i berre det eine valet om du ynskjer det.

Di kyrkje
Ditt val
Stemma di tel

kyrkjevalet.no

Frå kyrkjeboka



Døypte

- 12.5. Theo Trolin Kolltveit
19.5. Jonathan Vogel
2.6. Mateo og Ada Olea Kleivane Langeland
9.6. Ulrik Davidsen Rosten
7.7. Jonas Clark
25.8. - Oskar Nordbø Hauge
- Henrik Johan Robillos Langeland



Vigde

- 1.6. Trine Byrkjeland og Geir Inge Nilsen
22.6. Malin Reistad og Christian Foss
3.8. Mirjam Dyrhovden og Jørgen Fjell
25.8. Anne Christine Stockinger og Arild Hauge



Gravlagde

- 28.5. Reidar Aursnes
4.6. Haldor Emil Våge
19.6. Sverre Djuvik
21.6. Svalaug Margot Skulstad
10.7. Dagfinn Steinar Gudvangen
12.7. Signe Helene Grønvold
16.7. Ove Knut Fanebust

Kven kan stemma?

Medlemer i Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. (Du må vera døypd for å vera medlem og ikkje utmeld seinare!) Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved kyrkjevalet i 2019. Har du fått valkort i posten, kan du ta det med. Har du ikkje valkort, treng du legitimasjon med deg.

Kvar og når kan du stemma?

Det er kyrkjeval dei same stadene som det er kommuneval mellom kl. 10.00 og kl. 20.00

- Tysse: På ungdomsskulen
- Gjerde: I bedehuset
- Nordbygda: I biblioteket

Kyrkjevalet har eigne rom i same husa som kommunevalet. Det er også førehandsval på kyrkjekontoret i kontortida og to kveldar. (Torsdag 29. og 5. sept. Mellom kl. 17.-20.00)

Val av sokneråd

No er det slik, at me ikkje har fått inn fleire framlegg til valliste enn den eine som soknerådet står inne for. Dermed vert det såkalla fleirtalsval. Det betyr at det du kan vera med å bestemma, er kven av dei 6 som står på den eine lista som skal veljast inn i soknerådet, og kven som skal vera varamedlemer. Du kan gje tre av dei som står på lista ei ekstra stemme. (Du kan om du ynskjer det også føra på inn til tre nye personar.) Denne veka kjem det eit valblad i postkassa di, der dei ulike kandidatane er omtala. Du kan også finna dette bladet på heimesida vår www.samnanger.kyrkja.no

Val av bispedømeråd

Når det gjeld val av bispedømeråd er det kome inn heile tre lister i år.

KORPROSJEKT

At Eilert og Anne-Lise ikkje er organistar for oss meir, har sikkert dei fleste fått med seg. Sidan den nye kyrkjemusikaren delvis er i permisjon, kjem me ikkje til å arrangera eige korprosjekt i haust.

Men me har fått tilbod om å vera med i Arna Gospel prosjektkor. Der er Olav Arne og Synnøve Steinkopf som leiar dette og dei har proffe musikarar med seg. Dei skal syngja songar av Andrea Couch, Bjørn Eidsvåg, Kirk Franklin, Sigvart Dagsland, Tore Aas, m. fl.

Øvingane tek til 4. sept. og det vert konsert 28.9 og 29.9. Dei som ikkje kan øva i Arna om onsdagane, kan vera med koret kilden på Vaksdal å øva om fredagane. Me kjem til å vera ein gjeng samningar som vert med. Me arrangerer felles reis til øvingane i Arna.

Sjå heimesidene våre, eller ta kontakt med kyrkjekontoret for meir info. Påmelding til kyrkjekontoret snarast! (Fristen er gått ut, men dei tek imot etternølarar)

Me gler oss! Kjekt om fleire vert med!

OVERSIKT OVER TRUSOPPLÆRINGS-TILTAKA I HAUST

Kyrkja har mange kjekke tiltak for barn og unge her i Samnanger, og her kan du sjå ein oversikt over det som kjem:

- Babysong/ småbarnstrall oppstart 3.9.
- Kompis 5.-7.-klasse oppstart 4.9.
- Hausttakkefest med 4.klasse 22.9.
- 4.årsbok 29.9.
- Kompisleir med 5.klasse 19-20.10.
- Manga Messias-bibel til 5. klasse 20.10.
- Venneparty med 7. klasse 2.11.
- LysVaken med 6. klasse 23.-24.11.
- 6-årsbok 24.11.

Dei borna som er døypte vil få invitasjon i posten når det nærmar seg. Alle arrangement er ope for alle i rett aldersgruppe. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom du lurar på noko.